

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 31.05.2015

SAKSHANDSAMAR: Kjell Einar Bjørklund, Terje Arne Krokvik og Hans K. Stenby

SAKA GJELD: **Forprosjekt Bygg Aust i Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2015/1901

STYRESAK: **064/15**

STYREMØTE: **18.06.2015**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner at utbyggingsprosjektet, Bygg aust, i Helse Førde blir detaljprosjektert med sikte på igangsetting av bygging innan ei kostnadsramme på 142 mill. kr.
2. Helse Førde har ansvar for at prosjektet blir realisert i tråd med mål og rammer for prosjektet og må sikre dette gjennom god organisering og styring av prosjektet.

Oppsummering

Helse Førde har planlagt eit avlastingsbygg, Bygg aust, for framtidige utvidingar ved Førde sentralsjukehus. Tiltaket er ein del av utviklingsplanen/arealplanen til Helse Førde. I tillegg har kommunane i Indre Sunnfjord og Ytre Sogn gått inn for å legge eit framtidig lokalmedisinsk senter med funksjonar som legevakt, legevaktsentral, døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp og overgrepsmottak ved Førde sentralsjukehus. Både behovet for avlastning og det lokalmedisinske senteret er søkt lagt i same byggløysing.

Avlastningsbygget er i samband med arealplanen for sjukehuset vurdert som naudsynt for å kunne gjennomføre planlagde omstillingar og ombyggingar.

Helse Vest behandla i møte 04.02.15 konseptrapporten for prosjektet. Det ligg no føre eit forprosjekt. Forprosjektet inneber nokre mindre endringar i høve til konseptrapporten. Arealet er auka noko. Det same gjeld kostnadsramma.

Det er inngått avtale med kommunane om leige.

Fakta

Helse Førde har planlagt eit avlastningsbygg «Bygg aust» for framtidige utvidingar ved Førde sentralsjukehus. Bygget er eit tiltak i utviklingsplanen/arealplanen for Helse Førde og slik sett eit ledd i ein samla plan for utbygging og renovering av Førde sentralsjukehus.

Delar av Førde sentralsjukehus og sjukehusparken er freda i medhald av kulturminneloven § 22a. Føresegner gitt i kgl. res. 01.09.2006 om «Overordna føresegner om forvaltning av statlege kulturhistoriske eigedomar» må følgjast. «Bygg Aust» grensar til den freda sjukehusparken og Helse Førde HF har i brev av 21.04.2015 til Riksantikvaren bede om ein «Prinsipiell vurdering av løysing – lokalisering av Bygg Aust». Det er ikkje motteke svar på dette brevet endå.

Bygget skal også etter avtale med kommunane i Indre Sunnfjord og Ytre Sogn innehalde eit framtidig lokalmedisinsk senter med funksjonar som legevakt, legevaktsentral, døgntilbod for pasientar som treng øyeblikkeleg hjelp og overgrepsmottak.

Bygget vil også innehalde noe erstatningsareal frå ein brakkerigg (universitetsbrakka) som må flyttast for å gi plass til nybygget.

Konseptrapporten blei behandla i styret i Helse Vest RHF i møte 04.02.15, jf. sak 13/15. Styret fatta følgjande vedtak:

1. Styret sluttar seg til at det vert sett i gang eit forprosjekt for «Bygg aust» basert på alternativ 1.
2. Det blir lagt til grunn ei investeringsramme på 139 mill. kr.
3. Helse Førde må i forprosjektet vise korleis ein skal dekke inn kostnadsauken som følgjer av prosjektet og leigeavtalen med kommunane må vere godkjend.

Helse Førde har i etterkant laga eit forprosjekt. Forprosjektet blei behandla i styret i Helse Førde 29.05.15, jf. sak 37/15. Styret fatta følgjande vedtak:

1. Forprosjektet for Bygg aust vert vidareført i detaljprosjekt og bygging med alternativ 1, med ei kostnadsramme på om lag 142 mill. kr inkl. mva.
2. Saka vert sendt Helse Vest for handsaming av investeringsavgjerd.

Forprosjektet blir her lagt fram for styret i Helse Vest til godkjenning for vidare detaljprosjektering, anbodsinnbyding og igangsetting.

Kommentarar

Alternativ 1 blei valt i samband med behandling av konseptrapporten. Det er dette alternativet som det no er utarbeidd eit forprosjekt for. I forprosjektet er prosjektet ytterlegare kvalitetssikra i høve til konseptfasen.

Det er gjort nokre mindre endringar i forprosjektet. M.a. er golv heva av omsyn til flaumfare, det er lagt til grunn passivhus standard og arealet er auka noko knytt til tekniske rom, sjakter og transportkorridor. Bruttoarealet er auka til 2970 m² frå 2700 m².

Berekningane i forprosjektet viser i utgangspunktet ein noko lågare kostnad, men reserven i prosjektet er auka frå 10 til 15 %. Det betyr at den samla kostnadsalkylen er auka frå 139 mill. kr til 142 mill. kr.

Det er inngått leigeavtale med kommunane. Leigeavtalen omfattar 40 % av arealet og den årlege leiga er satt til kr 2 661 769. Avtalen skal reviderast dersom arealfordeling eller prosjektkostnad blir endra.

Det var tidligare lagt inn at avskrivningar og auka kostnader til drift av bygget ville ha ein effekt på 3 mill. kr for Helse Førde sitt driftsbudsjett. Dette er i tråd med endringane i forprosjektet endra til 3,4 mill. kr. Brakkeriggen som må flyttast for å gi plass for nybygget vil over noko tid bli nedskriven og bli utfasa. Det vil redusera kostnadane til avskrivning og drift noko.

Kostnadane er innarbeidd i langtidsbudsjettet.

Prosjektet som heilskap er innarbeidd i Helse Førde sitt investeringsbudsjett og kan gjennomførast utan låneopptak.

Målet er fortsatt at bygget skal stå ferdig 01.07.17 med byggestart 01.01.16.

Konklusjon

I forprosjektet er det gjort ei nærare vurdering av arealbehov, løysingar og kostnader.

Det har medført nokre endringar. Arealet er m.a. auka noko og kostnadsramma justert ved at det er tatt høgde for ein større reserve i prosjektet.

Det er inngått avtale med kommunane som eventuelt kan justerast dersom arealfordeling eller prosjektkostnad blir endra.

Det blir tilrådd at prosjektet blir vidareført til detaljprosjektering med sikte på bygging innanfor kostnadsramma på 142 mill. kr.

Helse Førde må følgje opp dialogen med Riksantikvaren og arbeida inn dei innspela og pålegga som RA eventuelt kjem med.

Ved bygging må Helse Førde sikre at prosjektet kan realiserast innan dei mål og rammer som er satt for prosjektet.

Vedlegg:

1. Forprosjektrapport
2. Tekniske utgreiingar
3. Skisser og teikningar
4. Hovudframdriftsplan
5. Leigekontrakt